



Elin Enes er klar med levering av koldbord til 6 konfirmasjonar denne helga.

Elin Enes i Elins Matgleder kom heim frå Spania på torsdag for å laga og levera koldbord til 6 konfirmasjonar. Dette var ei tinging som var gjort for lang tid sidan. Vikarane hennar har fri denne helga, og då var det berre å ta den lange turen heim til Uskedalen for dette oppdraget og nokre til i veka som kjem.

Laurdag og søndag utgjer den store konfirmasjonshelga på Husnes og i Uskedalen. Ho har også levering til Varaldsøy i morgon med levering og sending med ferja frå Årsnes. Seks leveringar og koldbord til 200 gjester er eit stort oppdrag. Både mor og svigermor hennar har hjulpet til med potetskrelling og arbeidet med salatar. Når uskedalen.no var innom verksemda i dag var det faktisk ein roleg periode. Dagens levering var unnagjort. Ny levering står klar på kjøll. Mykje vert laga til i morgon tidleg.

Elin kjem tilbake tidleg i juni for nye oppdrag. Då gjeld det brudlaup. Snart er opphaldet ferdig i Spania for denne gong. Ved skuleslutt kjem familien heim til Uskedalen og nye oppgåver ventar.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland